



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for næring og kultur**

Møtedato: 12.05.2016

Sak nr.: 15/9424-31
Internt I.nr. 16562/16

Sak: 45/16

Tittel: **Marint verdiskapingsfond - andre utlysing 2015**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Hovudutval for næring og kultur gjer følgjande vedtak om finansiering av søknadane til Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane ved 2. utlysing i 2015:
 - a) Søknaden frå Sogn Aqua Juveniles AS om «Forprosjekt - kveiteyngel» er vurdert som bedriftsretta. Søknaden kan difor sendast Innovasjon Norge for vurdering. Om prosjektet vert vurdert som støtteverdig, vil Innovasjon Norge handsame denne vidare i sitt system i tråd med godkjende rutinar.
 - b) NIVA får tildelt kr. 728 400 i støtte til prosjektet «Miljøfaktorer, gjellehelse og svinn i sjø - nøkler for smittereduksjon og bedret velferd».
 - c) Folvengaard får tildelt kr. 110 000 som omsøkt til «Forprosjekt: Folvengaard Røye». Dette vert gjeve som bagatellmessig støtte etter EØS sitt regelverk for statsstøtte.
 - d) Skaar Norway AS får tildelt kr. 267 650 som omsøkt til finansiering av studietur til Alaska. Dette vert gjeve som bagatellmessig støtte etter EØS sitt regelverk for statsstøtte.
- 2 Svanøy Havbruk får ikkje midlar frå denne tildelinga til søknaden «Bruk av ferskvann laget av sjøvann for bekjemping av lakselus på Svanøy».
- 3 Prosjekt b), c) og d) skal finansierast med midlar frå Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane.
- 4 Det vert i tillegg sett av kr. 1,9 mill. til «forprosjekt -kveiteyngel» frå Marint Verdskapingsfond. Desse midlane eller deler av desse vert overført til Innovasjon Norge dersom Innovasjon Norge støttar prosjektet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp dette.
- 5 Hovudutvalet gjev direktøren for næring og kultur fullmakt til å følgje opp søknadane i punkt. b), c) og d) med dei vilkår som kjem fram i saka.

Endringsframlegg:

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til ny sum under punkt 1d:
Skaar Norway AS får tildelt kr 135 000, «som omsøkt» vert stroke.

Avrøysting:

Punkt 1 a-c vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt over punkt 1d over tilrådinga frå fylkesdirektøren og endringsframlegget frå Senterpartiet. Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Punkt 2-5 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Hovudutval for næring og kultur gjer følgjande vedtak om finansiering av søknadane til Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane ved 2. utlysing i 2015:
 - a) Søknaden frå Sogn Aqua Juveniles AS om «Forprosjekt - kveiteyngel» er vurdert som bedriftsretta. Søknaden kan difor sendast Innovasjon Norge for vurdering. Om prosjektet vert vurdert som støtteverdig, vil Innovasjon Norge handsame denne vidare i sitt system i tråd med godkjende rutinar.
 - b) NIVA får tildelt kr. 728 400 i støtte til prosjektet «Miljøfaktorer, gjellehelse og svinn i sjø - nøkler for smittereduksjon og bedret velferd».
 - c) Folvengaard får tildelt kr. 110 000 som omsøkt til «Forprosjekt: Folvengaard Røye». Dette vert gjeve som bagatellmessig støtte etter EØS sitt regelverk for statsstøtte.
 - d) Skaar Norway AS får tildelt kr. 135.000 til finansiering av studietur til Alaska. Dette vert gjeve som bagatellmessig støtte etter EØS sitt regelverk for statsstøtte.
- 2 Svanøy Havbruk får ikkje midlar frå denne tildelinga til søknaden «Bruk av ferskvann laget av sjøvann for bekjemping av lakslus på Svanøy».
- 3 Prosjekt b), c) og d) skal finansierast med midlar frå Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane.
- 4 Det vert i tillegg sett av kr. 1,9 mill. til «forprosjekt -kveiteyngel» frå Marint Verdiskapingsfond. Desse midlane eller deler av desse vert overført til Innovasjon Norge dersom Innovasjon Norge støttar prosjektet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp dette.
- 5 Hovudutvalet gjev direktøren for næring og kultur fullmakt til å følgje opp søknadane i punkt. b), c) og d) med dei vilkår som kjem fram i saka.